



# Pilar 3 – Offentleggjering av informasjon om kapital, risikoforhold, godtgjersle og informasjon frå kredittføretak

**31. desember 2022 Valle Sparebank**



## INNHOLDSFORTEGNELSE

---

### PILAR 3 – OFFENTLEGGJERING AV INFORMASJON OM KAPITAL, RISIKOFORHOLD, GODTGJERSLE OG INFORMASJON FRÅ KREDITTFØRETAK

---

1.	Innleiing og formål med dokumentet .....	2
2.	Styring og kontroll av risiko .....	2
3.	Informasjonsplikt for føretak som har eigarinteresser i føretak som utsteder obligasjonar med fortrinnsrett .....	5
4.	Vedlegg: Standardisert skjema for offentleggjering av bankens nøkkeltal for kapital og likviditet.....	6

## 1. INNLEIING OG FORMÅL MED DOKUMENTET

---

Formålet med dette dokumentet er å oppfylle krava til offentleggjering av finansiell informasjon etter åttande del av kapitalkravsforskriften (CRR (EU) 2013/575), jf. Forskrift om kapitalkrav og nasjonal tilpassing av CRR/CRD IV del XI. Alle tal i dokumentet er per 31. desember 2022 med mindre anna framgår.

## 2. STYRING OG KONTROLL AV RISIKO

---

Bankverksemda inneber risiko. Styret har vedteke prinsipp for banken si risikostyring i form av overordna policydokument og policy for dei ulike risikoområda. Styret legg vekt på å ha ei aktiv oppfølging av prinsippa, og reviderer desse årleg. For bankverksemda samla kan banken akseptere låg til moderat risiko, medan risikonivået kan variere mellom ulike risiko-område.

Banken har ein uavhengig risikostyringsfunksjon og compliancefunksjon. Risikostyrings- og compliancefunksjonen rapporterer til adm. banksjef, og kan rapportere direkte til styret i tilfelle der styret ikkje får nødvendig informasjon om vesentlege risikoer via den alminnelege rapporteringa. Risikostyrings- og compliancefunksjonen skal utarbeide kvartalsvise rapportar som omfattar alle forretningsområde som inneholdt status, utvikling og vurderingar på områda risikostyring og compliance.

### ICAAP

Styret gjennomfører årleg ein ICAAP-gjennomgang for å avdekke risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov i bankverksemda. Administrasjonen førebur ICAAP som blir gjennomgått i styret. Det vert så utarbeid ein årleg rapport som vert handsama i styret og sendt til Finanstilsynet.

Banken nyttar seg aktivt av EikaViS sine tenester i arbeidet med policydokument og verktøy til bruk i risikostyringa. Ekstern revisor kvalitetssikrar ICAAP-dokumentet.

Dei viktigaste risikoområda er omtala her.

### Kreditrisiko

Kreditrisiko, dvs. risikoen for at ein kunde ikkje kan oppfylle sine skyldnader rettidig, er den største risikoen i banken. Dersom heller ikkje verdien av den underliggjande pantetrygda er tilstrekkeleg til å dekke kravet ved misleghald og eventuell realisasjon av pantet, vil tap oppstå.

Styret vurderer det slik at banken må kunne take noko større risiko innan Valle kommune enn utanfor. Styret vurderer likevel denne risikoen som moderat. Lån og garantiar er rimeleg godt sikra mot tap. Det vert lagt stor vekt på kunden sin økonomi og den trygda som vert stilt.

Det blir nytta eit risikoklassifiseringssystem som er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknaden. Risikoklassene er definerte som låg, middels og høg risiko, samt misleghaldne og kredittforringa lån. Risikoen blir styrt etter rammer fastsett i policy for kreditrisiko. Systemet byggjer på

statistiske modellar som reknar ut sannsynet for misleghald. Kredittforringa engasjement og alle engasjement over ein viss storleik vert vurdert særskild. Alt dette er grunnlaget for nedskrivingane styret har gjort i løpet av året.

Kredittpolicy er revidert og vedtatt av bankens styre i 2022. Styret vurderer kredittrisikoen som moderat.

### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er også eit vesentleg risikoområde i banken, og gjeld den risikoen banken har for ikkje å ha tilstrekkelege likvidar ved forfall av skyldnader.

Balansen mellom innskots- og utlånsvolum avgjer behovet for å låne inn frå pengemarknaden. Valle Sparebank har i løpet av 2022 hatt ei stabil god innskotsdekning. Internt minimumskrav er fastsett til 85%. Innlånsbehov utover kundeinnskota er dekka opp med lån frå Kreditforeningen for Sparebanker og obligasjonslån.

Innskot og lånerettar i Noregs Bank, trekkrettar i DNB utgjer saman med obligasjonsporteføljen den vesentlege delen av likviditetsbufferen. Per 31.12.2022 utgjorde trekkrettane i DNB 65 mill. kr. Det var pantsett verdipapir i Noregs Bank med ein samla låneverdi på 164 mill. kr. Samla obligasjonsportefølje og likvide rentefond utgjorde på same tid 209,3 mill. kr. Innskot i Noregs Bank utgjorde 41,8 mill. kr.

LCR (liquidity coverage ratio) er 184 per 31.12.2022, mot 178 på same tidspunkt året før. Minimumskravet frå myndighetene er 100. Bankens minimumsmål er 110.

Den generelle likviditetsrisikoen er om lag uendra i løpet av året.

Status på likviditetsområdet vert rapportert til styret kvartalsvis i høve til gjeldande krav og rammer i likviditetspolicyen. Likviditetsrisikoen har vore låg heile året, i tråd med bankens risikopoly.

Likviditetspolicyen er revidert og vedtatt av bankens styre i 2022.

Eika Boligkreditt vert framleis vurdert som eit viktig verktøy som kan avlaste banken sitt eksterne finansieringsbehov og gjere banken konkurransedyktig i kampen om personkundelån. Det er klargjort ein utlånsportefølje som kan flyttast til Eika Boligkreditt for raskt å få tilgang til likviditet i ein krisesituasjon.

### Marknadsrisiko

Banken har i dag ingen portefølje av verdipapir for å utnytte svingingar i marknaden. Banken driv ingen handel med derivat eller valuta.

Banken har avtale med Eika Kapitalforvaltning om forvaltning av likviditetsplasseringane, og bankens policy for marknadsrisiko fastset dei overordna retningslinjene, krav og rammer knytt til marknadsrisiko. Styret får kvartalsvise rapportar som synar risiko målt opp mot rammer. Risikoprofilen vert vurdert som moderat.

Når det gjeld ESG-risiko knytt til bankens investering, skal Eika Kapitalforvaltning følgje regelverk for berekraftige investeringar med ein investeringsprofil som har tydelege retningslinjer når det gjelder ansvarlege investeringar.

Marknadspolicyen er revidert og vedtatt av bankens styre i 2022.

## Valutarisiko

Valle Sparebank har ikkje eigen valutabeholdning. Avtalen med SDC (bankens datasentral i Danmark) går ut i løpet av 2023 og utgjer ein mindre valutarisiko.

## Strategisk risiko

Strategisk risiko er risikoen banken er utsett for som konsekvens av strategiske val. Måloppnåinga i høve til økonomiske måltal i strategiplanen har vore tilfredsstillande i 2022. Det har opp gjennom åra blitt gjennomført marknadsundersøkingar som syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar. Kontor i Kristiansand og Vennesla har medført tilvekst av nye kundar i ei tid med fallande folketal i Øvre Setesdal.

For å sikre eige sjølvstende har banken vald å vere medeigar av Eika Gruppen AS. Valle Sparebank sin eigardel utgjer 0,50 % av selskapet. Eika Gruppen AS syter for utføring av ein del fellesoppgåver og gjev banken tilgang til å selje ei rekkje finansielle produkt. I tillegg har eigarskapet gjeve avkastning i form av eit årleg utbytte. Eika Gruppen AS er også eit viktig talerøyr for små sparebankar når det gjeld å påverke framtidige rammevilkår.

I desember 2020 inngjekk Valle Sparebank, og resten av bankane i Eika Alliansen avtale med TietoEvry om framtidig kjernebankløysing. Samstundes vart dagens avtale med noverande leverandør SDC sagt opp. Den nye avtalen med TietoEvry vil styrke bankens langsiktige konkurranseskraft gjennom kostnadseffektivisering, styrka utviklingskraft og auka strategisk fleksibilitet.

Risikoen for at ikkje banken har tilstrekkeleg og rett kompetanse for framtida er eit område styret har fokus på. Valle Sparebank har difor prioritert vidareutdanning og intern opplæring i fleire år.

Det er inngått avtale med Eika Økonomiservice som gjeld myndighetsrapportering.

## Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er i hovudsak risikoen for tap knytt til den daglege drifta av banken. Svikt i datakommunikasjon, system og rutinar er døme på tapshendingar. Feil kan også oppstå på grunn av manglande kontrollar, kompetancesvikt, menneskeleg svikt og manglande oppfølging av lover og forskrifter.

Policy for operasjonell risiko er revidert og vedtatt i bankens styre i 2022. Styret vurderer risikoen som moderat.

Operasjonell risiko, inkludert rapportering av potensielle tapshendingar, vert rapport kvartalsvis til styret.

Internkontrollen i banken er ein viktig reiskap til å kartleggje og forbetre dette risikoområdet. Styret har årleg gjennomgang av internkontrollen.

### **3. INFORMASJONSPLIKT FOR FØRETAK SOM HAR EIGARINTERESSER I FØRETAK SOM UTSTEDER OBLIGASJONAR MED FORTRINNSRET**

#### **Informasjonsplikt for foretak som har eierinteresser i foretak som utsteder obligasjoner med fortrinnsrett**

		Beløp i tusen kroner eller prosent
a	Overføringsrad: Samlet portefølje overført og formidlet til Eika Boligkreditt AS (bolighypoteklån) i prosent av samlede utlån til personmarkedet på bankens balanse og bolighypoteklån	32,30 %
b	Gjennomsnittlig belåningsgrad for bolighypoteklån hos Eika Boligkreditt AS	54,35 %
c	Overpantsettelsesgrad i sikkerhetsmassen	107,90 %
d	Tellende sikkerhetsmasses andel av sikkerhetsmasse totalt	99,20 %
e	Utestående garantiforpliktelse	31.334
f	Bokført verdi av hhv. obligasjoner med fortrinnsrett, aksjer, fondsobligasjonskapital, ansvarlig lånekapital og annen usikret finansiering i kreditforetaket	Obligasjoner med fortrinnsrett
		109.616.659
		Aksjer
		1.405.153
		Innskutt egenkapital
		5.888.111
g	Andre forpliktelser overfor kreditforetaket som følge av aksjonæravtaler og lignende	Fondobligasjoner
		697.500
		Ansvarlig lånekapital
		813.256
		Senior obligasjoner
		2.818.919
		siå nedanfor

Likviditetsstøtte til EBK er regulert i avtale datert 10. mai 2012 om kjøp av obligasjonar med føretrinnsrett. Hovudtrekka i avtalen er at eigarbankane, så lenge dei har utlånsportefølje i selskapet, under gitte forutsetningar er forplikta til å tilføre EBK likviditet.

Likviditetsskyldnaden er avgrensa til forfall på selskapets obligasjonar med føretrinnsrett utferda under Euro Medium Term Covered Note Programme (EMTCN – Programme) og tilhøyrande swapavtalar dei komande tolv månadar. I den grad eigarbankane har kjøpt obligasjonar med føretrinnsrett under likviditetsavtalen, utan at desse er tilbakebetalt, kjem dei til fråtrekk ved utrekning av eigarbankens attståande likviditetsskyldnad. Den enkelte eigarbanks likviditetsskyldnad er primært avgrensa til bankens pro-rata del av utfordingsbeløpet, som vert utrekna på grunnlag av kvar eigarbank sin del av selskapets utlånsportefølje. Dersom ein eller fleire eigarbankar ikkje oppfyller sine likviditetsskyldander under avtalen, kan likviditetsskyldnaden for dei andre eigarbankar aukast til inntil det dobbelte av deira opprinnelige pro-rata del. Avtalen om kjøp av OMF kan under visse vilkår terminerast. Det er knyttt vilkår til långjevar i forhold til overpantsetting. For obligasjonar med føretrinnsrett (OMF) som er tilordna føretakets sikkerheitsmasse gjeld krav om overpantsetting på 5 prosent for lån som inngår i EMTCN- Programme. Dette inneber at selskapet til ei kvar tid skal ha verdiar i sin sikkerheitsmasse som utgjer minst 105 prosent av sum utestående OMF.

I tilknyting til at eigarbanksane i 2012 vart aksjonærar i EBK etter utskiljinga frå Eika Gruppen AS, vart det etablert ein aksjonæravtale som blant anna regulerer at eigarskapet i selskapet på årleg basis skal rebalanserast. Dette vil sikre ei årleg justering der eigardelen til den enkelte bank skal svare til eigarbanksens del av utlånsbalansen i selskapet.

## 4. VEDLEGG: STANDARDISERT SKJEMA FOR OFFENTLEGGJERING AV BANKENS NØKKELTAL FOR KAPITAL OG LIKVIDITET

### Skjema EU KM1 - Nøkkel tall kapital og likviditet

Beløp i tusen kroner

	a		e	
	31.12.2022			31.12.2021
<b>Tilgjengelig ansvarlig kapital (beløp)</b>				
1 Ren kjernekapital	267.232			250.276
2 Kjernekapital	273.150			255.260
3 Total ansvarlig kapital	280.109			261.534
<b>Risikovektet beregningsgrunnlag</b>				
4 Totalt risikovektet beregningsgrunnlag	1.291.954			1.264.997
<b>Kapitaldekning (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)</b>				
5 Ren kjernekapitaldekning	20,68 %			19,78 %
6 Kjernekapitaldekning	21,14 %			20,18 %
7 Total kapitaldekning	21,68 %			20,67 %
<b>Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere andre risikoer enn overdreven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)</b>				
EU 7a Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere andre risikoer enn overdreven gjeldsoppbygging (i prosent av risikovektet beregningsgrunnlag)	8,00 %			8,00 %
EU 7b herav: som skal dekkes av ren kjernekapital (prosentpoeng)	4,50 %			4,50 %
EU 7c herav: som skal dekkes av kjernekapital (prosentpoeng)	6,00 %			6,00 %
EU 7d Samlet SREP kapitalkrav (i prosent)	8,00 %			8,00 %
<b>Kombinert buffer- og totalt kapitalkrav (i prosent av risikovektet)</b>				
8 Bevaringsbuffer (i prosent)	2,50 %			2,50 %
EU 8a Bevaringsbuffer som følge av makro- eller systemrisko fastsatt av en medlemsstat (i prosent)				
9 Institusjonsspesifikk motsyklisk kapitalbuffer (i prosent)	2,00 %			1,00 %
EU 9a Systemriskobuffer (i prosent)	3,00 %			3,00 %
10 Buffer for globalt systemviktige institusjoner (i prosent)				
EU 10a Buffer for andre systemviktige institusjoner (i prosent)				
11 Kombinert bufferkrav (i prosent)	7,50 %			6,50 %
EU 11a Samlet kapitalkrav (i prosent)	15,50 %			14,50 %
12 Tilgjengelig ren kjernekapital (CET1) etter oppfyllelse av samlede SREP-krav til ansvarlig kapital (i prosent)				
<b>Uvektet kjernekapitalandel</b>				
13 Sum eksponeringsmål	3.182.000			3.015.983
14 Uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	8,58 %			8,46 %

<b>Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere risikoen for</b>					
EU 14a	Tilleggskrav til ansvarlig kapital for å håndtere risikoen for overdreven gjeldsoppbygging (i prosent)				
EU 14b	herav: skal bestå av ren kjernekapital (prosentpoeng)				
EU 14c	Samlede SREP-krav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	3,00 %			3,00 %
<b>Bufferkrav til uvektet kjernekapitalandel og samlet krav til uvektet</b>					
EU 14d	Bufferkrav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)				
EU 14e	Samlet krav til uvektet kjernekapitalandel (i prosent)	3,00 %			3,00 %
<b>Likviditetsreserve (LCR)</b>					
15	Likvide eiendeler (vektet verdi)	213.182			207.988
EU 16a	Utbetalinger (vektet verdi)	148.201			161.136
EU 16b	Innbetalinger (vektet verdi)	33.420			45.732
16	Netto utbetalinger (justert verdi)	114.781			115.404
17	Likviditetsreserve/LCR (i prosent)	184 %			178 %
<b>Stabil finansiering (NSFR)</b>					
18	Poster som gir stabil finansiering	1.970.762			1.784.524
19	Poster som krever stabil finansiering	1.394.290			1.274.242
20	Stabil finansiering/NSFR (i prosent)	141 %			140 %